

# Folk ved fjorden på kino i hovudstaden

OSLO: Øyvind Sandberg inntar hovudstaden med nordhordlands-kulturen denne kommande helga, med filmframsyning av Folk ved Fjorden og smaksprøver på pølsna hennar Magnhild.

RANDI BJØRLO

- Vi skal til Oslo med sekken full av Magnhild-pølser, og lovar pølse til alle som kjem på filmen i hovudstaden i løpet av helga, seier Sandberg til nh. Han synest det er kjekt at nordhordlands-kulturen og kan finna vegen austover, og oppmodar dei som har slekt og vener i Oslo og omegn om å tipsa dei om å gå på kino i helga. Då får dei både film og pølse.

Dokumentaren "Folk ved fjorden" – med Magnhild og Marie Dyrdal og Olje Hjelmsås i hovudrollene, skal visast både på Vika kino og Ringen kino frå og med fredag. Det vert 3-4 daglege framsyningar på Vika og ei på Ringen. Øyvind Sandberg vil og



**TIL HOVUDSTADEN:** I helga vert Øyvind Sandberg sin film og Magnhild Dyrdal og Ole Hjelmsås vist på kino i Oslo. (Foto: Øyvind Sandberg)

dukka opp og fortelja litt om filmen.

"Folk ved fjorden" vart kåra til beste norske dokumentarfilm 2011 av Bergen internasjonale

filmfestival. Så langt har 9000 personar sett filmen i Bergen, noko som gjer den til den tredje mest sette dokumentarfilmen gjennom tidene på Bergen kino.

Filmene har og vore vist i Trondheim, Stavanger, Sandnes og Voss.

## Konsert i Emigrantkyrkja

**RADØY:** Venneforeninga til utvandrersenteret arrangerer konsert i Emigrantkyrkja på Sletta fredag kveld. Artisten der Rune Vidar Fjelde. Aslaug Klungland er med som gjest og skal fortelja om sin spesielle historie.

## Speldag på biblioteket i Knarvik

**KNARVIK:** Fredag vert det speldag på biblioteket i Knarvik for store og små.

- Denne dagen er det planleggingsdag i både skule og barnehage så vi opnar biblioteket ekstra for alle som er heime og har lyst til å gjera noko saman med andre, seier Thomas Brevik, barne og ungdomsbibliotekar. To timar midt på dagen er sett av til dei under 10 år, til puslespel, brettspel og Wii MarioKart. Dei over 10 år får speletid tre timar om ettermiddagen. Her vert det Playstation3 med turnering i Singstar og Quiz. Alle vert og utfordra til å finna si indre rockestjerne med Wii LEGO RockStar.